
Fra: Ole Ødegaard <ole.odegaard@t-fk.no>
Sendt: 3. februar 2016 23:22
Til: Postmottak KD
Kopi: Ole Ødegaard
Emne: Høring - delrapport Karriereveiledning i en digital verden - svar fra Telemark fylkeskommune

Dette er svar på Høring - delrapport Karriereveiledning i en digital verden - fra Telemark fylkeskommune jfr deres ref 15/284-

Vær vennlig å videresende dette til seniorrådgiver Ida Grobakken. Dette vil også bli sendt digitalt via fylkeskommunens postbehandlingssystem.

Vi beklager sen innsending, men svaret fra Telemark fylkeskommune måtte først opp i hovedutvalg for kompetanse som enstemmig har vedtatt dette svaret på høringa:

Høringsvar frå Telemark fylkeskommune:

Generelt er Telemark fylkeskommune positiv til å innføre e-veiledningstenesta. Det er viktig at e-veiledningstenesta kjem som eit supplement til «ansikt-til ansikttrettleing» og ikkje vert ei erstatning for denne.

Telemark fylkeskommune har desse kommentarane til departementets spørsmål.

- Forslaget om at nettstedet skal ha en bred målgruppe

Telemark fylkeskommune meiner at det primært er flest vaksne som vil ha best bruk for tenesta, men som utvalet peikar på vil det også kunne bli eit godt supplement til rettleiing i grunnopplæringa.

Telemark fylkeskommune støtter at nettstedet skal ha en bred målgruppe, men utvalget påpeker at tjenesten skal brukes som et supplement til veiledning i grunnopplæringen, ikke som erstatning.

- Forslaget om og innretningen av offentlig finansiert og driftet nettbasert karriereveiledning, såkalt e-veiledning.

Her støttar Telemark fylkeskommune forslaget

- Nettstedets innretning og innhold – herunder delingen mellom informasjon og selvhjelpsressurser.

Telemark fylkeskommune er einige i utvalets forslag

- Grenseflatene mellom den anbefalte løsningen og andre aktørers tilbud, herunder nav.no.

Telemark fylkeskommune meiner at det er praktisk å samle flest mogleg av plattformane som tilbyr informasjon og anna karriererettleiingshjelp under «eit tak». Nettstaden «vilbli.no», som fylkeskommunane eig, blir fyrst og fremst blir brukt av elevar i grunnopplæringa. Denne bør ha tilknytning til e-veiledningstenesta, men ikkje ligge under sjølvne tenesta.

- De organisatoriske og forvaltningsmessige anbefalingene.

Utvalet foreslår at e-veiledningstenesta skal ha tilsette frå alle fylker. Telemark fylkeskommune støttar utvalets forslag. Karrieresentera er faglege kompetansesenter i fylka. Vi foreslår difor at dei fylkesvise karrieresentra får ei fagleg rolle og at dei tilsette i e-veiledningstenesta får ei fagleg og organisatorisk tilknytning til desse.

Med vennlig hilsen

Ole Ødegaard

koordinator for karriereveiledning / avdeling for videregående opplæring

T: 35917436 / M: +4797758924

www.telemark.no / [facebook](https://www.facebook.com/telemark)

